


Valdres Natur- og Kulturpark

Valdres Næringshage, Skrautvålsvegen 77 2900 Fagernes



Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep
0030 OSLO

Postmottak@sd.dep.no

5.september 2016

Valdres Natur- og Kulturpark er ein bygdeutviklingsregion som gjennom langsiktig merkevarebygging knytt til natur- og kulturverdier – og lokal styring – skal gje auka verdiskaping og livskraft i lokalsamfunna. Gjennom dette vil Valdres ta vare på og utvikle viktige verdier av lokal, nasjonal og internasjonal karakter, for framtidige generasjonar.

Høringsuttale - utkast til lov om tilrettelegging for utbygging av høghastighetsnett for elektronisk kommunikasjon

Stort behov for NGA i Valdres

Utbygging av NGA blir meir og meir avgjerande for å få til ei god utvikling i lokalsamfunna våre. Valdres Natur- og Kulturpark har arbeida med fleire utbyggingsprosjekt, saman med ulike samarbeidspartar. I store deler av våre område, med spreidd struktur, vil vi ikkje kunne få ordnær kommersiell utbygging av NGA med dagens teknologi. Vi vil vera avhengig av offentleg med finansiering, og slik har vi inne søknad hjå Nkom også dette året.

Innsyn og openheit, avgjerande for effektive planprosessar og kostnadseffektiv utbygging

Vi står absolutt opp om lovframlegget som legg til grunn større grad av openheit og moglegheit til innsyn i kva vi har av aktuell infrastruktur, som vi kan bygge vidare på. I dag brukar vi unødig store ressursar i planlegging fordi vi ikkje utan vidare kan få oversikt over den infrastruktur som kan vera tilgjengeleg. I nokon høve kan det sjå ut som enkelt aktørar sorterer aktuell informasjon til beste for eigen økonomi på kort sikt. I beste fall medfører dette lite effektiv og kostbar planprosess. I verste fall hindrar det lokalsamfunna våre i å ta del i ny teknologi som kan vera avgjerande for at lokalsamfunnet får ei framtid.

Tlf:
61 35 94 50

Fax:
61 35 94 59

E-post:
region@valdres.no

Internett
www.valdres.no

Bankgiro:
6182.05.25034

Foretaksreg.
No 876 622 132 MVA

Tilgang til effektiv utnytting av eksisterande infrastruktur

Vi ser svært positivt på at loven legg opp til å sikre rett og plikt til tilgang til eksisterande infrastruktur av ulik karakter. I dag har vi regelverk som opnar for at ulike leverandørar kan levere eit ADSL produkt på det same fysiske nettet. Vi ser fram til at tilsvarande vil gjelde og leveranse av NGA i ulike installasjonar.

I våre område vil byggekostnadar vera så store at vi ikkje kan forvente å bygge fleire samtidige tekniske løysingar. Vi ser fram til at lovverket kan medverke til at det blir bygd løysingar for samhandling framfor tersklar eigna for kortsiktig regulering av marknaden.

Med venleg helsing

Valdres Natur- og Kulturpark



Jørand Ødegård Lunde, dagleg leiar